



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hugo Morken, 5557 2117

Avvising av krav om lovlegkontroll – Sogndal kommunestyre sitt vedtak i sak PS 79/2025

Vi viser til Sogndal kommune si oversending av krav om lovlegkontroll til Statsforvaltaren den 28.11.2025.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland avviser kravet om lovlegkontroll.

Saka si bakgrunn

Sogndal kommunestyre handsama i møte den 04.11.2025 sak *PS 79/2025 Avtaleforhold*, der det vart gjort vedtak om å godkjenne framlegg til sluttavtale med dåverande kommunedirektør. Den framforhandla avtalen tredde då i kraft, jf. punkt 12 i avtalen.

Ved e-post 07.11.2025 har kommunestyrerepresentantane Bjørn Christian Weinbach, Rita Navarsete, Rune Haug og Idar Kollsete sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket. Kravet rettar seg mot punkt 11.1 i sluttavtalen, som lyder som følgjer:

«Partene er enige om at ethvert mellomværende i tilknytning til arbeidsforholdet er opp- og avgjort ved oppfyllelse av denne Avtalen. Granskingsprosessene i regi av Harris og Schjødt avsluttes når Avtalen er godkjent av Kommunestyret. Disse prosessene stanses midlertidig fra og med 23. oktober 2025 i påvente av politisk behandling av Avtalen.»

Kravsstillarane stiller spørsmål ved om dette punktet i avtalen er i strid med kommunen si aktivitetsplikt etter arbeidsmiljølova § 2 A-3. Dei meiner dei varsla som kommunen har sett i gang gransking av, også gjeld forhold i organisasjonen, og ikkje berre åtferda til kommunedirektøren, og dei peiker på at aktivitetsplikta ikkje kan fråfallast eller avtalast bort.

Kommunestyret handsama kravet om lovlegkontroll i møte den 27.11.2025. Vedtaket vart oppretthalde, og saka er etter dette sendt til Statsforvaltaren for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 første ledd siste punktum.



Om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 27-1 første ledd kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman setje fram krav om at departementet skal kontrollere om eit kommunalt «vedtak» er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at vedtaket vart gjort.

For kommunale vedtak er statsforvaltarane delegert avgjerdsrett, jf. forskrift 30.08.2019 nr. 1096 om delegering av myndighet etter kommuneloven, pkt. IX.

Ved lovlegkontrollen skal det takast stilling til om innhaldet i vedtaket er lovleg, om det er gjort av nokon som har mynde til å gjere eit slikt vedtak, og om det har vorte til på ein lovleg måte, jf. kommunelova § 27-3. Lovlegkontrollen kan likevel avgrensast til det som er gjort gjeldande i kravet. Lovlegkontrollen kan berre omfatte dei offentlegrettslege sidene av vedtaket, og kommunen si utøving av forvaltningsskjønn kan ikkje prøvast. Dersom Statsforvaltaren ved lovlegkontrollen kjem til at det er gjort slike feil som gjer vedtaket ugyldig, skal det opphevast. Statsforvaltaren har ikkje kompetanse til å gjere nytt vedtak.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi fastslår først at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll, og at kravet er framsett innanfor fristen.

Vidare finn vi at kravet rettar seg mot eit slikt «vedtak» som kan prøvast ved lovlegkontroll. I den samanheng peiker vi på at kravet gjeld kommunestyret sitt vedtak i sak PS 79/2025 der kommunestyret gjorde vedtak om å slutte seg til framlegget til sluttavtale. Vi legg såleis til grunn at kravet ikkje rettar seg mot sjølv avtalen som kommunen med vedtaket i sak 79/2025 inngjekk med den tidlegare kommunedirektøren. Avtalen vil uansett ikkje Statsforvaltaren ha høve til å overprøve, då denne er ein privatrettsleg avtale inngått mellom kommunen som privat part (arbeidsgjevar) og ein tredjepart.¹ Om ein slik avtale er gyldig er eit spørsmål som eventuelt må prøvast av domstolane etter alminnelege privatrettslege (kontraktsrettslege) reglar.

I kommunelova § 27-3 er det gitt nærmare materielle skrankar for kva som kan prøvast i ein lovlegkontroll.

Etter kommunelova § 27-3 andre ledd kan kontrollen avgrensast til dei merknadene som er gjort gjeldande i kravet om lovlegkontroll. I medhald av denne føresegna avgrensar Statsforvaltaren derfor kontrollen til spørsmålet om vedtaket er i strid med aktivitetsplikta etter arbeidsmiljølova § 2 A-3.

Etter kommunelova § 27-3 tredje ledd går det vidare fram at lovlegkontrollen berre kan omfatte dei offentlegrettslege sidene ved vedtaket. Føresegna føreset såleis ei grense mellom privatrettslege og offentlegrettslege plikter. I førearbeida er det mellom anna uttala følgjande om dette skiljet:

«Dette innebærer at spørsmålet om det foreligger en privatrettslig forpliktelse for kommunen, [...], og eventuelt innhold og omfang av den privatrettslige forpliktelsen, ikke kan lovlighetskontrolleres. Dette er forhold som reguleres av privatrettslige regler. Det er domstolene som eventuelt må vurdere om det foreligger en privatrettslig forpliktelse for kommunen. Selv om et vedtak i sin karakter er privatrettslig, kan likevel de offentligrettslige sidene av vedtaket prøves ved en lovlighetskontroll. Lovlighetskontrollen kan i slike tilfeller vurdere organets personelle og

¹ Jf. til dømes Prop. 46 L (2017-2018) s. 326-327



prosessuelle kompetanse, det vil si om organet hadde myndighet til å treffe vedtaket, og om offentligrettslige saksbehandlingsregler er blitt fulgt.»²

Det er i kravet ikkje reist spørsmål ved om vedtaket er gjort av rett organ i kommunen, eller om det er blitt til på lovleg måte. Kravet stiller spørsmål ved om vedtaket har eit lovleg innhald, jf. kommunelova § 27-3 første ledd bokstav a.

Avgjerande for om det som er gjort gjeldande i kravet kan prøvast ved lovlegkontroll er om dette høyrer til dei offentlegrettslege sidene ved vedtaket.

Statsforvaltaren viser til at kommunane er eigne rettssubjekt som kan ta avgjerder på eige initiativ og ansvar, jf. kommunelova § 2-1. Dette inneber mellom anna at dei har alminneleg handlefridom til like med andre private rettssubjekt, og kan få rettar og pådra seg plikter i samsvar med dei gjeldande rettsreglane.

Skiljet mellom privatrettslege reglar og offentlegrettslege reglar går typisk mellom generelle rettsreglar som gjeld likt for alle rettssubjekt, både private og offentlege, på den eine sida, og spesielle rettsreglar som gjeld for offentlege organ på den andre sida.³ Dei sistnemnde reglane gir offentlege organ særleg styresmakt ovanfor borgarane.

Når kommunen opptrer som arbeidsgjevar, er han ikkje å rekne som ei offentleg styresmakt, men som ein privat part som til like med private arbeidsgjevarar opptrer i medhald av sin alminnelege private autonomi (handlefridom). Reglane i arbeidsmiljølova gjeld likt for alle arbeidsforhold som er omfatta av lova, uavhengig av om dei er i privat sektor eller i offentleg sektor. Reglane må derfor prinsipielt reknast som privatrettslege reglar. Til illustrasjon for at arbeidsmiljølova vert rekna som ei privatrettsleg lov viser vi til lovkommentaren til kommunelova på Juridika, der Roald Hopsnes i kommentarane til føresegna i kommunelova § 27-2 andre ledd bokstav b uttaler følgjande:

«Lovlighetskontroll omfatter heller ikke en avgjørelses privatrettslige sider, og ville derfor uansett ikke omfattet avgjørelsens forhold til arbeidsmiljøloven ...»

At også reglane om varsling i arbeidsmiljølova kap. 2 er å rekne som privatrettslege reglar følgjer av at både arbeidstakar sin rett til å varsle etter § 2 A-1, og arbeidsgjevar si plikt til å undersøke varselet etter § 2 A-3, har sitt rettslege grunnlag i det tilsetjingsforholdet som følgjer av den individuelle arbeidsavtalen mellom partane, med arbeidsmiljølova som bakgrunnsrett.⁴ Også desse reglane gjeld likt for alle arbeidsforhold som er omfatta av lova, uavhengig av om det er i privat sektor eller i offentleg sektor.

Statsforvaltaren konkluderer etter dette med at dei merknadene som er gjort gjeldande i kravet om lovlegkontroll, gjeld privatrettslege sider ved vedtaket. Då dette er forhold som ikkje kan prøvast i ein lovlegkontroll, avviser vi derfor kravet.

Dette inneber at Statsforvaltaren ikkje har høve til å vurdere om vedtaket frå kommunen om å slutte seg til det aktuelle avtalepunktet, er i samsvar med arbeidsmiljølova eller ikkje.

Det er ikkje klagerett på Statsforvaltaren sitt vedtak

² NOU 2016:4 s. 375

³ Jf. Jan Fridthjof Bernt i *Jusleksikon* (4. utgåve, 2010) s. 283

⁴ Jf. til dømes Simen M. Lium i *Arbeidsrett* 2025/1 s. 1, punkt 1 Innledning



Vi ber Sogndal kommune orientere kravstillarane om dette vedtaket.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvalter

Anne Kjersti Sande
fung. Seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent